



Notat

Dato: 04.04.2017
Arkivsak: 2017/1331-4
Saksbehandlar: larbirk

Til: Jan Nordø

Frå: Lars Øyvind Birkenes

Søknad om å overføre 2 bekker i Blådalsvassdraget - SKL – Kvinnherad kommune - Kulturminnefagleg fråsegn

Fylkeskonservatorene viser til brev datert 10.02.2017 med søknad om overføring av to bekkar/elvar i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune.

I konsesjonsøknaden er kulturminne og kulturmiljø gitt ei god utgreiing i kap. 3.10, s. 43-46. Kulturminneverdiane for dei to tiltaka er her vurdert som liten til middels negativ samla sett, men med større konsekvens for Grøningsbekken 2 (liten til middels negativ) enn for Urdabotnbekken (ubetydeleg).

Stølen Grøningen (Grydningsdal) ligg på nordsida av Blåelva. På stølsområdet er det registrert restar av fire bygningar. Den omsøkte bekken går i ein boge frå nord for tuftene og renn ut i Blåelva om lag 60 meter sør for desse. På sørsida av Blåelva går det i dag anleggsveg over Grøningsdalsøyra og det er i dag ei hengebru over elva om lag 75-80 sørvest for stølsruinane. Kor langt attende i tid stølsdrifta skriv seg kan ein ikkje sei med sikkerheit. I større samanheng må ein også sjå stølsdrifta på Grøningen i samband med stølsområdet Øvre Grøningen som ligg vel ein kilometer lengre oppe i dalen mot nordnordvest.

Sjølv om det i tørre periodar kan vere svært låg vassføring i bekken/elva, så er den omsøkte minstevassføringa på 10 l/s året rundt alt for knapp i høve til kulturlandskapet som bekken/elva er ein del av. Tørre periodar er svært variable og langt meir sjeldsynte enn det normale. Som avbøtande tiltak i høve til stølsområdet som kulturlandskap, bør minstevassføringa i deler av sommarhalvåret (mai/juni-september) meir enn doblast.

Stølsområdet på Vierstøl med tre stølstufter vil som heilskapleg kulturlandskap i mindre grad bli påvirka av mindre vassføring. Likevel er den omsøkte minstevassføringa på 10 l/s året rundt også her å sjå som svært knapp. Det bør vurderast ei høgare minstevassføring også her.